



Hill-Marta Solberg ny fylkesmann

(NPK): Hill-Marta Solberg er i statsråd fredag utnemnd til fylkesmann i Nordland.

Solberg er 55 år gammel, utdanna adjunkt med norsk og historie som fag i tillegg til lærarskulen. Ho arbeidde som lærar frå 1975 til 1987. I 1987 vart ho vald til ordførar i Sortland kommune i Nordland. Ho var ordførar fram til 1993.

I 1993 vart ho vald inn på Stortinget og er framleis stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet. Ho var statsråd i Sosial- og helsedepartementet frå januar 1994 til oktober 1997.

Ho har hatt ulike offentlege verv og verv i Arbeidarpartiet og er no parlamentarisk leiar.

(©NPK)